Vekeplan 10. trinn Veke 45 og 46

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Tema: Tekst i kontekst • Lesa og tolka skjønnlitterære tekstar og reflektera over innhald og verkemiddel • Samanlikna og tolka tekstar i ulike sjangrar i lys av den historiske konteksten og eiga samtid • Utforska korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge
Engelsk	• Reading, writing and speaking about the history, culture and language of Indigenous peoples • Using active and passive voice • Improve your writing by looking at feedback given
Matematikk	• Finna og bestemma punkt i eit koordinatsystem. • Laga enkle funksjonar og sjå samanhengen mellom graf, funksjon og tabell • Teikna lineære grafar med utgangspunkt i ein funksjon eller tabell
KRLE	KRLE Tema: Humanisme • Utforska og presentera sentrale trekk ved humanismen • Samanlikna ulike kjelder til kunnskap om humanismen og vurdera dei kritisk • Utforska andre sine perspektiv og handtera usemje • Gjera greie for korleis humanismen har vore ein del av den historiske utviklinga i Europa
Samfunnsfag	Tema: Berekraftig ressursbruk • Visa korleis teknologi kan både bidra til og hindra berekraftig utvikling • Gje nokre døme på urfolk sine rettar knytt til ressursar og landområde • Peika på konfliktar mellom ulike sider ved berekraftig utvikling
Naturfag	• Gjera greie for produksjon, transport og lagring av energi • Vurdera bruk av fornybare og ikkje-fornybare energikjelder
Spansk	• Seia kva du synest og meiner om noko • Fortelja om noko som går føre seg • Uttrykka eigne meiningar
Tysk	• Kunna snakka om ei reise til ein by • Kunna snakka om mat og ulike reisemåter • Kunna snakka om attraksjonar og prisar i NOK og Euro
Eng fordj	• Work with Future tense • Work in small groups to present the vision of School in 2050
Arbeidslivsfag	• Planleggja, gjennomføra og vurdera arbeidsoppgåver på ein trygg og ansvarleg måte, og bruka relevante verktøy, utstyr og arbeidsmetodar

	• Samarbeida med andre, visa initiativ og ta ansvar for eigne arbeidsoppgåver i praktiske arbeidssituasjonar
Kroppsøving	**Basketball:** • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. **Innsats:** • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
Utdanningsval	• Reflektera rundt utdanningsval og kunne forklara 16 ord
K&H	**Oppgåve: Sjablong** • Læra om street-art og nokre av dei mest kjende kunstnarane innan denne kunstforma • Kunna plukka ut fem eigna bilete av nokon som utøver ein idrett eller aktivitet • Kunna bearbeida tre av motiva i ein app, finna skuggar og redusera fargar • Kunna skjera ut sjablongar • Kunna mala/trykka motivet med svamp på kartong, med detaljar og skyggar som framhever aktiviteten • Bruka reiskapar og utstyr slik ein får rettleiing om • Kunna laga eit prosessnotat etter krava i oppgåva
Musikk	**Blues og dans** • Spela blues på tre akkordar • Musisera i lag med andre • Følgja instruksjon i dans • Kunna grunnleggjande trinn i swing og salsa
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal **Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter**
Fysisk aktivitet	• Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktiviteter aleine og saman med andre • Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode • Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle
Friluftsliv	• Kunna setje opp ei hengekøye • Turar i nærområdet
Trafikk	• Utforska trafikken i nærmiljøet og føreslå konkrete tiltak som kan gjera trafikken tryggare

	• Reflektera over og visa kva det inneber å ferdast trygt og ansvarleg i trafikken, og diskutera etiske utfordringar som kan oppstå
Programmering	• Utforska i program med blokkprogrammeringsspråk • Forklara eigne og andre sine kodar • Bruka grunnleggande prinsipp i programmering som varialer, løkker og vilkår og funksjoner
Olweus	Å ta initiativ og delta: • Korleis skapa deltaking og eit godt fellesskap i klassen • Vera raus i møte med initiativ som «Skal me dansa»

INFORMASJON TIL HEIMEN

Danseprosjekt
Me er nå i full gang med danseprosjektet vårt: "Ska me dansa". Elevane har hatt to økter med profesjonell dansar som har lært oss å dansa swing og salsa. Onsdag 16. desember på kvelden skal me ha finale i Vardheihallen, der elevar som har lyst er med og konkurrera mot elevar frå Lye u og Vardheia u er med. Føresette er velkomne til dette arrangementet. Meir info kjem.

Lesekonkurranse
Erling Braut Haaland har dratt i gang lesekonkurranse i Time kommune. På fredag hadde me Kick-off, så nå er det bare for elevane å starta med å lesa masse. Reglar for konkurransen ligg på heimesida. Me oppfordrar føresette og til å vera med og lesa!

Hei verden
Me skal i år og ha solidaritetsarbeid, der me samlar inn pengar til Hei verden. I år går pengane til arbeidet Hei verden gjere i Bangladesh. 8. trinnet har open dag, 9. trinnet bøsseinnsamling og 10. trinnet skal ha "Jobb ein dag". Datoen for arbeidsdagen er onsdag 25. November. Det kan vera lurt å tenkja på kor ein kan skaffa seg ein arbeidsplass.

Utdanningsval
Det er fleire frivillige aktivitetar for elevane å vera med på i dei neste vekene. Nokre gutar skal arbeida i ein barnehage, der målet er å rekruttera fleire gutar til å jobba i barnehage. Bryne FK inviterer til "Jærsk drivkraft", der elevane skal få treffa mange ulike bedriftar og sjekka ut ulike yrker. I tillegg reiser 72 elevar inn til Stavanger på Offshore-og maritim dag på Oljemuseet.

FRIDAG
Fredag 13. november er det fri for både elevar og lærarane!

Elev- og utviklingssamtalane
Lærarane er godt i gang med elevsamtalane, og i dei neste vekene vil dokker bli inviterte til utviklingssamtalar.

Elevundersøkinga
Elevane skal innan neste veke gjennomføra elevundersøkinga som blant anna sjekkar ut elevane sin trivsel i skulen.

Helsing oss på 10.trinn

HEIMEARBEID VEKE 45	
Norsk	Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok. Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du: • skriv tittel og forfattar • skriv kva sidetal du starta og slutta på • oppsummerer kort kva du har lese Leseloggen dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.
Engelsk	Det er mellomvalg i USA. Les artikkelen fra NRK og førebu deg til å prata om den i timen etter tysdag.
Samfunnsfag	Lytt til Mapuche-folkets kamp mot den norske stat - Oppdatert - NRK Radio. Skriv 5-10 setningar for å oppsummera episoden.
KRLE	Les side 272-278 i KRLE-boka (tekstane ligg innlesne på aunivers). Bruk den læringsstrategien du likar best til å bearbeide fagstoffet.
Naturfag	Forklar omgrepa fornybar og ikkje- fornybare energikjelde. Vel 1 fornybar og 1 ikkje-fornybar energikjelde og gjer oppgåve 2 s. 213
Spansk	Ejercicios s. 36 oppgave 1 og 2
Tysk	Jobb med presentasjonen din om ei reise. Du skal visa til lærar kor langt du har kome på torsdag.
Eng fordj	Grammar exercises with Future tense(ON)
Kroppsøving	**Uthald:** Hugs å ta med gymklede og sko til å vera ute. **Symjing:** Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
Musikk	Øv på musikk og dans heime om du ikkje heng med på progresjonen i timane.

Utdanningsval	Dersom du ikkje alt har gjort det: Lever inn refleksjonstekst etter utv-veka og fire omgreps-oppgåver (4 ord kvar). Det vil seia alle oppgåvene du finn i faget på Teams.

K&H	**Oppgåve: Sjablong** • Gjer ferdig prosessnotat. Hugs å sjekka kriteria i oppgåva som ligg på Teams
Kantine	Anne Marie si gruppe lagar mat. Hugs forkle, hårstrikk og innesko. Vegard si gruppe møter i 10D sitt klasserom med iPad.
Fysisk aktivitet	**Fotball:** Oppmøte i Timehallen. Ta med gymklede og sko til å vera inne.
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal til Sandtangen og setja opp hengekøyer.

HEIMEARBEID VEKE 46	
Norsk	10CDE: Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok. Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du: • skriv tittel og forfattar • skriv kva sidetal du starta og slutta på • oppsummerer kort kva du har lese Leseloggen dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.
Engelsk	Read or listen to chapter 9 of The Absolutely True Diary of a Part-Time Indian. It is called Grandmother Gives Me Some Advice
Matematikk	Gjer oppgåve 2.103, 2.104 og 2.105 s. 54-57 i oppgåvebok.
Samfunnsfag	Les Korleis kan vi bruke ressursane meir berekraftig i framtida? – Aunivers (s.194-195) Gjer finn svaret spørsmåla 1-3.
KRLE	Les side 279-285 i KRLE-boka (tekstane ligg innlesne på aunivers). Bruk den læringsstrategien du likar best til å bearbeide fagstoffet.
Naturfag	Førebu deg til fagsamtale i kap 7 og 8. Bruk målark, notatar og lab-rapportar.
Spansk	Les teksten "Geografia de España" og svar på spørsmål. Teksten finn du på ON
Tysk	Jobb med presentasjonen din.

Eng fordj	Find any lates news about AI and write you summary of it in 5 sentences.
Kroppsøving	**Basketball:** Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne. **Symjing:** Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
K&H	**Oppgåve: Sjablong** Gjer ferdig prosessnotat. Hugs å sjekke kriteria i oppgåva som ligg på Teams
Utdanningsval	Forklara og forstå desse 16 orda: Studiespesialisering, studieførebuande, studiekompetanse, yrkesfag, læretid, fagprøve, fagbrev, påbygg, fagskule, y-vegen, realfag, SSØ, førstegangsvitnemål, ordinært vitnemål, bachelor, master.
Musikk	Øv på musikk og dans heime om du ikkje heng med på progresjonen i timane.
Kantine	Vegard si gruppe lagar mat. Hugs forkle, hårstrikk og innesko. Anne Marie si gruppe møter i 10D sitt klasserom med iPad.
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal ut på tur til Sandtangen.